



## Notat

Dato: 18.11.2015  
Arkivsak: 2014/278-28  
Saksbehandlar: bjomidt

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesordførar

---

### Spørsmål om kollektivfelt på innfartsårene

#### Spørsmål til fylkesordførar

Representanten Aud Karin Oen (SV) har i epost til fylkesordførar 16.11 stilt følgjande spørsmål:

*«Når er det tidligast muleg å innføra kollektivfelt på alle innfartsårar inn til Bergen, og kva må vere på plass til det?»*

#### Svar frå fylkesordførar

Fylkesutvalet handsama 24.9. 2014 sak 226/2014 «Kollektivfelt på innfartsårene» og gjorde slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsårane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.»*

Statens vegvesen opplyser at det er planlagt å opna Sambruksfeltet på Fjøsangervegen tidleg i 2016.